



VINDAFJORD
KOMMUNE

RAPPORT 2021

VINDAFJORD SOMMARSKULE

GØY PÅ LANDET



Om Gøy på landet

Vindafjord sommarskule 2021, «Gøy på landet», var eit gratis aktivitetstilbod for alle grunnskuleelevar i Vindafjord kommune, der målet var å gi fleire barn- og unge ein læringsarena der dei kunne delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i løp av sommarferien.

Gjennom ulike tema, praktisk- og teoretisk aktivitet og kulturopplevingar, skulle «Gøy på landet» bidra til både meistring, trivsel og læring. Tilbodet skulle også bidra til å motivera elevar som enten var i ein overgang frå barne- til ungdomsskule, eller frå ungdomsskule- til vidaregåande opplæring.

Formålet med «Gøy på landet» var dermed å gi fleire unge ein alternativ læringsarena, som eit supplement til tradisjonell skulegang, der dei hadde moglegheita til å få sosialt- og fagleg påfyll.



Aleksander Vølstad
Prosjektleder for Gøy på landet



Innhald

Innhald	3
Innleiing.....	4
1. Omtale av prosjektet.....	5
2.1 Bakgrunn	5
2.2 Føremål	5
2.3 Utforming.....	5
2.3.1 Arbeidsgruppa	5
2.3.2 Klassekassen.....	6
2.3.3 Lag og organisasjonar	7
2.3.4 Prosjektleiar	8
2.3.5 «Gøy på landet»	8
2.3.6 Profilering	9
2. Gjennomføring av prosjektet	9
3.1 Arbeidsfordeling.....	9
3.2 Avtalar	10
3.3 Aktørar	11
3.4 Aktivitetar.....	11
3.5 Påmelding.....	13
3.6 Fakturering.....	13
3.7 Dokumentasjon	13
3. Deltaking	14
5. Økonomi.....	16
6. Oppsummering	18
6.1 Nøkkelpunkt	18
6.1.1 Etablering av arbeidsgruppa	18
6.1.2 Øymerking av midlar til FAU	18
6.1.3 Tilsetjing av Prosjektleiar	18
6.1.4 Internt samarbeid.....	18
6.1.5 Eiga nettside.....	19
7. Vedlegg	20



Innleiing

Denne sluttrapporten er ei evaluering av Vindafjord kommune sin sommarskule i 2021 – «Gøy på landet» – som blei gjennomført i tidsrommet 28.06.21 – 14.08.21. Rapporten er utarbeida av prosjektleiar, med innspel frå einingsleiar for kultur og læring, og inneheld informasjon om prosjektet i sin heilheit. Dette inkluderer mellom anna ei beskriving av prosjektet sitt formål og utforming, gjennomføring av prosjektet når det gjeld arbeidsfordeling innan arbeidsgruppa, aktørar som har medverka til gjennomføring av aktivitetar og aktivitetstilbodet for elevane. Rapport inneheld også ei oversikt over deltaking, økonomi og andre nøkkelpunkt.

Hensikten med rapporten er å vurdere effekten av dei tiltaka som er gjort, både i forkant og undervegs i prosjektet, slik at ein kan skapa læring til kommande prosjekt av ein liknande art. Ved å måla resultatet av dei tiltaka som er gjort, kan ein også vurdere effekten av desse tiltaka. Ikkje berre i kor stor grad dei har bidratt til å oppnå dei måla som var satt på førehand, men også kva som kunne ha vore gjort annleis for å oppnå eit betre resultat der det er ynskjeleg.

Rapporten har også som hensikt å kvalitetssikra at Vindafjord kommune sin bruk av tilskotet samsvarar med dei bestemmingane som vart gjort av Utdanningsdirektoratet [UDIR] for tildelinga.



1. Omtale av prosjektet

2.1 Bakgrunn

Grunna koronapandemien, vart det i statsbudsjettet for 2021 gitt løyve til ei tilskotsordning til oppretting av eit sommarskuletilbod. Dette innebar at kommunane kunne søkja og få tildelt midlar til oppretting av eit aktivitetstilbod i skulen sin sommarferie. Tilskotet skulle i utgangspunktet nyttast når skulen hadde sommarferie, men det vart også opna for at delar av midlane kunne nyttast i påskeferien om kommunen ikkje greidde å bruka heile tilskotet i løp av skulen sin sommarferie.

2.2 Føremål

Føremålet med tilskotet var å nytta midlane til å oppretta nye eller utvida aktivitetstilbod, og ikkje til å finansiera allereie eksisterande tilbod. Tilbodet skulle også tilpassast lokale forhold, og kommunen stod fritt til å inngå samarbeid med ulike lag- og organisasjonar. Dette kunne vera lokale foreiningar, idrettslag og kulturskular. Det var også høve til eit interkommunalt samarbeid, eller kjøp av tilbod frå eksterne aktørar (vedlegg 1).

Målet med tilskotsordninga var å gi elevane ein arena der dei kunne få fagleg påfyll ved å «delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar» i løp av skulen sin sommarferie, samt bidra til å motivera elevar som enten var i ein overgang frå barne- til ungdomsskule, eller frå ungdomsskule- til vidaregåande opplæring. Tilskotet kunne også nyttast til «å styrke tilbodet til elevar i områda som er omfatta av regjeringa sin områdesatsing», og dette var ynskjeleg (...).

2.3 Utforming

2.3.1 Arbeidsgruppa

Etter tildelinga av tilskotet frå UDIR, satt kommunalsjef for oppvekst ned ei arbeidsgruppe bestående av einingsleiar for kultur- og læring, helse og barnevern, samt skulefagleg ansvarleg og barnehagefagleg ansvarleg. Dette for å leggje ramma for bruk av midlane. I tillegg var formålet med arbeidsgruppa å sikra at alle omsyn blei ivaretatt – med tanke på å imøtekomme mangfaldet av elevar i grunnskulen – noko som var viktig når ein skulle leggje til rette for eit aktivitetstilbod som skulle vera tilgjengeleg for alle. Arbeidsgruppa bestod difor av representantar frå ulike einingar, som



oppvekst, barnevern, helse og kultur- og læring. I tillegg var det også jamleg dialog mellom arbeidsgruppa og integreringstenesta i kommunen.

2.3.2 Klassekassen

I tillegg til å bruke tilskotet til å organisera eit eige sommarskuletilbod i kommunen, vedtok også arbeidsgruppa at ein del av tilskotet, 300 kroner per elev, skulle setjast av til foreldrerådets arbeidsutval [FAU], slik at denne delen av midlane kunne brukast til tiltak i klassane. Dette for å sikre at alle grunnskuleelevar i Vindafjord fekk ta del i midlane innan sikre kohortar. Kvar klasse ville då ha moglegheit til å organisera- og gjennomføra aktivitet(ar) sjølv om gjeldande smittesituasjonen skulle endra seg til enten gult- eller raudt nivå. Klasseaktivitetane kom då i tillegg til andre tilbod som etter plana skulle organiserast i løp av sommaren. Denne ordninga ga dermed klassane moglegheit til å bestemme sjølve når dei la opp til aktivitet, og vart også opna opp for at delar av desse midlane kunne nyttast i haustferien. I den forbindelse blei det sendt ut eit eige skriv til rektorar ved skulane i Vindafjord, med ei førespurnad om å orientere FAU-leiarane om dette vedtaket (vedlegg 2). FAU-delen av tilskotet fekk etter kvart namnet «Klassekassen».

Det vart også sendt ut eit eige skriv til alle klassekontaktane, med eit vedlagt søknadsskjema som skulle brukast til å søkje midlar (vedlegg 3). I søknadsskjemaet skulle klassane skrive ei kort melding om kva slags aktivitet(ar) dei hadde lagt opp til, når desse skulle gjennomførast, tal på elevar som ynskja å nytta seg av tilbodet, samt annan relevant informasjon som kontonummer og kontaktperson for klassa. Vindafjord kommunen skulle deretter utbetala beløpet til det kontonummeret som var oppgitt, og klassekontakten skulle seinare få eit rapporteringsskjema som skulle sendast inn etter ferdig utførte aktivitetar. Dokumentasjon på alle utlegg skulle også leggjast ved rapporten. FAU blei orientert om dette vedtaket i eit eige skriv frå kommunen (vedlegg 4).

Av praktiske grunnar vart etter kvart bestemt i arbeidsgruppa at FAU sin del av tilskotet skulle overførast til kvar FAU-konto, slik at dei sjølve fekk ansvaret med å fordele midlane vidare til sine respektive klassar. Ein føresetnad for dette var at klassane på førehand hadde sendt inn søknadsskjemaet til kommunen og fått innvilga dette, og at unytta midlar skulle tilbakebetalast til kommunen av FAU innan 31. oktober 2021. For å gjere rapporteringsarbeidet lettare, fekk kvar klasse også ansvar for å dokumentere alle utlegg, samt levere rapporteringsskjema til sin respektive FAU. Alle FAU fekk seinare ansvar for å rapportere resultatet til kommunen, og leggje ved nødvendig dokumentasjon ved ei tilbakebetaling av resterande midlar.



2.3.3 Lag og organisasjonar

Eit nøkkelpunkt for å kunna lukkast med eit sommarskuletilbod i Vindafjord, var å ta omsyn til kommunen sin demografi: Vindafjord er ein vidstrakt kommune, med fleire små- og mellom store bygder, der avstandane mellom bygdene er relativt store. I tillegg er det eit avgrensa kollektivtilbod i sommarferien. For å kunna tilby eit variert aktivitetstilbod, som var tilgjengeleg for så mange som mogleg, var det difor naudsynt å involvera bygdene. Dette fordi dei ulike bygdene samla sett utgjer eit mangfald av frivillige lag- og organisasjonar med ulik kompetanse. Ved å involvera desse, vil ein ikkje berre auka moglegheita til å sikra seg eit stort utval av ulike aktivitetar, men også lettare få lagt ulike aktivitetar til forskjellige stader i kommunen – då dei ulike laga har forskjellig plassering. I tillegg vil ein sikra at dei også får ta del i midlane, og slik bidra til å styrka det lokale aktivitetstilbodet.

Ein annan fordel med å involvera bygdene er at det vil då vera lettare å innføra smittevernstiltak ved auka smittespreiing, utan å redusera gjennomføringsevna på aktivitetstilbodet: Sjølv om det vart innført gult- eller raudt nivå, og krav om å gjennomføra aktivitetar i eigne kohortar, vil ein enkelt kunna avgrensa aktivitetane til dei som høyrer til bygda kor aktivitetane finner stad. Dette fordi kvar bygd allereie har sin eigen skulekrets, med tilhøyrande eigne kohortar. Når kvar bygd i tillegg har sine eigne aktivitetar, vil ei slik avgrensing vera enkel å iverksette. Dermed har ein også tatt høgde for at ei auking i smittespreiinga ikkje vil føra til at aktivitetstilbodet blei nemneverdig redusert. Ei slik avgrensing vil derimot redusera tilgjengelegheita på aktivitetane, sidan kvar bygd då berre kan delta på sine eigne aktivitetar. Ved ein slik situasjon ville eit sommarskuletilbod likevel ha vore eit supplement til aktivitetane som vart arrangert i regi av den tidlegare nemnde «klassekassen».

På bakgrunn av desse vurderingane, vart det difor sendt ut eit eige skriv til alle frivillige lag- og organisasjonar i Vindafjord kommunen som driv med aktivitet for barn- og unge, med informasjon om at eit kommande sommarskuletilbodet (vedlegg 5). Hensikten med dette skrivet var å invitere laga- og organisasjonane til å sende inn eit aktivitetstilbod – om dei ynskja å vera med som aktør på sommarskulen. I tilbodet skulle dei ta stilling til kva aktivitetstype dei kunne tilby, dato og varigheit for avvikling på aktivitetar, skuletrinn aktivitetane gjaldt for, gruppestørrelse og kostnader. Utvalet av dei aktivitetstilboda som kom inn var tenkt å utgjere grunnlaget i sommarskuletilbodet. Totalt vart det sendt ut eit skriv til om lag 80 frivillige lag- og organisasjonar i Vindafjord kommune. Av desse svara om lag 8 frivillige lag- og organisasjonar med eit tilbod, noko som utgjer om lag 10 %.

I tillegg, hadde ein moglegheit til å supplera detta tilbodet med aktivitetar frå kommersielle aktørar for å få til eit betre aktivitetstilbod. Kommunen stod då fritt til å velje samarbeidspartnarar frå både



Vindafjord- og andre kommunar på Haugalandet. I den forbindelse blei det sendt ut eit eige skriv til aktuelle kommersielle aktørar (vedlegg 6).

2.3.4 Prosjektleder

Etter kort tid vart det også tilsett ein eigen prosjektleder for sommarskulen, som fekk ansvar for å utarbeide eit sommarskuleprogram for Vindafjord kommune. Dette arbeidet innebar å setje saman og organisere arbeidet rundt aktivitetane ein fekk tilbod om, samt å supplere dette tilbodet ved å rekruttere nye aktørar og aktivitetslederar. I den samanheng stod prosjektleder fritt til å utarbeide avtalar med dei aktørane som bidrog til å styrke tilbodet i sin heilheit. Bakgrunnen for dei vala som vart gjort med å velje ut bestemte aktørar og samarbeidspartnerar, var å sikre at ein fekk satt saman eit aktivitetstilbod som var variert. Dette var viktig for å inkludere mangfaldet av elevar i skulen. Etter at eigen prosjektleder vart tilsett som ein del av arbeidsgruppa, fekk den opprinnelige arbeidsgruppa ei meir passiv rolle, men vart framleis brukt til å ta opp, drøfta, og kvalitetssikra ulike vegval.

Vidare var arbeidsoppgåvene til prosjektledaren å rettleie, organisere og følge opp aktivitetslederar og aktørar, utarbeide avtalar og kontraktar med samarbeidspartnerar, samt rapportere prognosar til kommunalsjef og arbeidsgruppa. Prosjektleder hadde også ansvar for budsjett og rekneskap, påmeldingsskjema, leggje ut informasjon om sommarskuletilbodet på nettsida og halde denne oppdatert, utarbeide ein evalueringsrapport, samt anna administrativt arbeid.

2.3.5 «Gøy på landet»

Etter kvart vart det også bestemt i arbeidsgruppa, etter innspel frå mellom anna prosjektleder, om å endra namnet på Vindafjord sommarskule 2021 til «Gøy på landet» [GPL]. Bakgrunn for dette valet var å fjerne eventuelle negative assosiasjonar enkelte kunne ha til namnet «skule». I tillegg vart det viktige å skilje mellom «Klassekassen» og GPL, sidan dei to var ulike konsept som var i spel samtidig – noko som lett kunne skapa forvirring då dei begge blei omtalt som «Vindafjord sommarskule» i skriva som først vart sendt ut. Med eigen namnelapp på kvart konsept, ville ein motvirka ei slik forvirring. Når det gjeld val av namn, vart alle i arbeidsgruppa raskt einige om at det nye namnet passa betre til prosjektets formål, innhald og omfang.



Logoen til «Gøy på landet» vart designa av Omega Design 365.



2.3.6 Profilering

I ettertid av namneendringa, vart det gjort fleire val for å profilera den nye sommarskulen til Vindafjord kommune. Eitt av dei var å få på plass ein eigen logo til GPL (vedlegg 5). Bakgrunn for dette valet var at fleire andre kommunar – som til dømes Haugesund – hadde valt å gjere det same; med eigen logo oppnår ein meir merksemd og publisitet, samt auka interesse for tilbodet. Sidan Omega Design 365 allereie stod bak designet av den nye profilen til Vindafjord kommune, var det naturleg å velje dei som oppdragstakar til å designe logoen til GPL. Bakgrunn for dette var å få ein logo som samsvara med tematikken i den ny profilen til kommunen – noko som virka fordelaktig med tanke på vidare profilering av GPL på kommunen sine heimesider.

Eit anna viktig val for profileringa, var å få på plass ei eiga nettside slik at dei som ynskja det kunne finna all nødvendig informasjon om Vindafjord sitt aktivitetstilbodet i sin heilheit. Dette gjeld både for GPL og den tidlegare nemnde klassekassen. Med eiga nettside, kunne både elevar og føresette enkelt finna fram til kva slags aktivitetar dei ulike skuletrinna kunne melde seg på, kor desse aktivitetane fann stad, når dei fann stad og kven som var aktør for aktivitetane. I tillegg til å vera ein informasjonsplattform for aktivitetstilbodet, kunne nettsida også brukast til å melde seg på GPL via ei lenke til påmeldingsskjemaet. Dette for å gjera det oversiktleg og enkelt å melde seg på aktivitetar.

2. Gjennomføring av prosjektet

3.1 Arbeidsfordeling

Prosjektleder sine arbeidsoppgåver var som nemnd å følge opp, rettleie og organisere arbeidet rundt planlegginga- og gjennomføringa av sommarskuletilbodet, samt anna administrativt arbeid. Etter arbeidet med å inngå avtalar med ulike aktørar, for å utforme og setje saman eit sommarskuletilbod, innebar dette å ha ansvaret for budsjett og økonomi, at nettsida og påmeldingsskjema var oppdatert med korrekt informasjon, halde dialog med alle aktørar, aktivitetsledarar, FAU og klassekontaktar, sende ut påmeldingslister til aktørane og stadfestingar til dei påmeldte, samt anna førefallande koordineringsarbeid som måtte dukka opp. Prosjektleder hadde slik ansvar for at alle fekk den informasjonen dei til ei kvar tid trong, i tillegg til å løyse dei problema som måtte oppstå undervegs. Prosjektleder hadde også ansvar for å halde seg oppdatert på gjeldande lokale smitteverns-reglar, og



sørgje for at alle aktørane følgde dei gjeldande reglane til ei kvar tid. Dette var svært viktig då den gjeldande smittesituasjonen var noko som brått kunne endre seg.

Når gjaldt nettsida og påmeldingsskjemaet, fekk prosjektleiar god hjelp frå servicetorget, og i det daglege arbeidet vart ting kvalitetssikra opp mot einingsleiar for kultur og læring, skulefagleg ansvarleg og kommunalsjef for oppvekst. I noko tilfelle vart det også behov for å ta opp ting og drøfte dei i arbeidsgruppa. Prosjektleiar hadde også jamleg dialog med integreringstenesta, for å leggje til rette for at deira brukarar lettare kunne nytta seg av sommarskuletilbodet. Utover dette, hadde integreringstenesta sjølv ansvar for å følge opp sine egne.

3.2 Avtalar

I forbinding med utføring/avvikling av aktivitetar og kurs, blei inngått avtalar/kontraktar med alle aktørane som skulle medverka til eit sommarskuletilbodet – enten desse var frivillige lag- og organisasjonar, kommersielle aktørar eller interne aktørar. Før inngåing av ein avtale/kontrakt, blei aktørane bedte om å sende inn eit prisoverslag til vurdering. I vurderinga av ulike tilbod blei det tatt stilling til totalpris sett i forhold til største talet på deltakarar for aktiviteten. Slik kunne ein vurdere pris per deltakar for kvar aktivitet. Det blei ikkje satt nokon maks pris per elev i forbinding med utveljing av aktivitetar og kurs, men andre omsyn spela også inn i utveljingsprosessen. Desse kunne vera aktivitetens art, varigheit, samt kva skuletrinn tilbodet gjaldt for. I tillegg til det økonomiske aspektet, var prosessen med å velje ut aktivitetar difor også ei skjønsmessige vurdering: For prosjektleiaren var viktig å setje saman eit aktivitetstilbod som var variert både i aktivitetsnivå og fagleg innhald, slik at det på best mogleg måte tok omsyn til mangfaldet i skulen, samt å sørgja for at fordelinga mellom skuletrinna blei nokolunde lik. I tillegg, var plassering ein viktig faktor som spela inn i vurderinga av tilboda. Ein ynskja, i den grad det var mogleg, å leggja aktivitetar til alle bygdene i kommunen. Dette for å sikre at flest mogleg hadde moglegheit til å nytta seg av eit aktivitetstilbodet.

Når det gjeld kontrakten i seg sjølv, blei den utforma med utgangspunkt i same mal som den haugesund kommune nytta seg av, og inneheld informasjon om: Namn på aktør, kontaktperson under avvikling, organisasjonsnummer, namn på kurs, avviklingsdatoar, avtalt honorar, smittevern, tryggleik, med meir (vedlegg 6).



3.3 Aktørar

Som nemnd, var det mange aktørar som bidrog til gjennomføringa av eit sommarskuletilbod i Vindafjord kommune. Av frivillige lag- og organisasjonar var Bjoa IL, Bjoa 4H, Bjoa Sanitetsforeining, Freidig 4H, KFUM-KFUK Speidarane i Vats, VIL, Vikebygd IL og Vikebygd Amatørteater og Vindafjord Røde Kors med som aktørar. Kommersielle aktørar som bidrog med aktivitetar og kurs var Frisk Treningssenter, Frønsdal Aktivitetsgard, Lundeneset VGS, HEA, Bjørn Ingvaldsen og Martin Mentzoni. I tillegg var Vindafjord Bibliotek, Vindafjord Kulturskule og Vindafjordmuseet også med som aktørar.

3.4 Aktivitetar

Som nemnt, var det viktig å setje saman eit variert aktivitetstilbod bestående av ulike fag og emne for å ivareta mangfaldet i skulen. Totalt kunne GPL tilby om lag tjue ulike aktivitetstypar, der om lag halvparten av desse kan reknast som ikkje-fysiske aktivitetar, og den andre halvparten som fysiske aktivitetar. Sistnemnde gruppe har då innslag av idrett, rørslelære og friluftsliv. Tilbodet i sin heilheit dekkja med andre ord eit bredt spekter av fag frå ulike fagområde som agronomi, friluftsliv, historie, naturfag og norsk. I tillegg var det også tilbod om idrettsfag som aktivitetslære og treningslære, ballidrettar som fotball og sandvolleyball, samt alternative sportar som e-sport og skateboard. Estetiske fag, som biletkunst/fotografering og dans, var også representert i GPL.



Estetiske fag var også representert, her i form av jazzballett i Vikebygd.



Samla sett var aktivitetstilbodet til Vindafjord sommarskule lagt til seks av dei ni bygdene, med plass til om lag 650 elevar fordelt på 20 ulike aktivitetar og kurs. Tilbodet gjaldt for alle skulepliktige elevar.



I aktivitetsparken i Ølen vart det arrangert skatekurs for småskuletrinnet med Martin Mentzoni.



I Vikedal vart det arrangert eit 4-dagars Sandvolleyballkurs frå 5.-10. klasse med plass til 35 elevar.



3.5 Påmelding

I likskap med Haugesund kommune, valte ein å bruke eit ACOS sitt påmeldingsskjemaet til GPL. Fordel med å bruka eit slikt skjema er at ein rask og effektivt kan henta ut den informasjonen som er naudsynt til eit slikt prosjekt, samt at ein har all informasjonen samla i ei fil (Excel). Dette gjer informasjonsformidlinga i etterkant svært mykje lettare då ein enkelt kan sortera og bruka filter for å laga lister til aktørane, sjekka kven som er meldt på kva, undersøkje om nokon har behov for tilrettelegging, osv. Ein annan fordel med påmeldingsskjemaet er at ein då kan leggja inn teljarar for å definera gruppestørrelse på dei ulike aktivitetane. Skjemaet vil då halde oversikt over kor mange ledige plassar det er igjen per aktivitet, og automatisk stengje for påmelding når aktiviteten er full.

Ein annan viktig ting å ta stilling til i utforminga av tilbodet var om ein skulle avgrensa talet på aktivitetar per elev/barn, eller om ein skulle opna for at kvar elev kunne melde seg på meir enn ein aktivitet. Andre kommunar, mellom anna Haugesund, hadde valt å avgrense tilbodet til maksimalt ein aktivitet per elev for å sikre at flest mogleg fekk nytta seg av eit sommarskuletilbod. Etter å ha drøfta dette med arbeidsgruppa, bestemte prosjektleiar seg for å gå vekk i frå ei slik avgrensing. Bakgrunn for dette valet var at delar av tilskotet allereie var tidelt FAU, og slik sikra at alle som ynskja det fekk ta del i midlane. Dermed var ei slik avgrensing ikkje nødvendig.

3.6 Fakturering

Som beskrive i kontrakten, skulle aktørane sjølv sende inn krav/faktura til prosjektleiar etter avvikling av aktiviteten dei hadde ansvar for. Dei skulle då fakturere for reelle kostnader. Med reelle kostnader meina ein alle utlegg dei hadde hatt i forbindelse med avvikling av aktiviteten/kurset. I tillegg skulle fakturaen inkludere det avtalte honoraret. Krav og fakturaer blei sendt vidare frå prosjektleiar til økonomiavdelinga for utbetaling og oppretting av bilag. Alle bilag blei så sendt vidare frå økonomiavdelinga til den rette organisasjonseining for kontering. Sidan prosjektleiar også hadde ansvar for økonomien til GPL, var det viktig at resultatet blei ført inn i rekneskapen. Dette for å kunna å sjå forholdet mellom budsjett og resultat. For fleire detaljar om økonomi, sjå kapittel 5.

3.7 Dokumentasjon

Sidan prosjektleiar også hadde ansvar for rapportere resultatet av GPL, inkludert korleis tilskotet har vart nytta, blei det lagra ein kopi av alle fakturaane. Desse blei arkivert i ei mappa som seinare vart lasta opp til VK – Sommarskule i teams. Dette blei gjort for å kunna dokumentera alle utlegg.



3. Deltaking

Av totalt 1134 elevar i grunnskolen, var det 1074 som valte å nytta seg av eit sommarskuletilbod – noko som utgjer ei deltaking på om lag 95 %. Denne statistikken er basert på innsendte søknadsskjema for klassane – og ikkje talet på påmeldte til aktivitetane i GPL – sidan søknadsskjemaet for klassane spesifiserte talet på elevar som ville nytta seg av eit sommarskuletilbod. Dermed hadde ein talfestande innsamlende informasjon om deltakinga. Sidan FAU sin del av midlane også var ein del av tilskotet, tel også desse på statestatikken over dei som nytta seg av eit sommarskuletilbod. Rapporteringsskjemaet som seinare vart sendt inn vil også kunne stadfeste denne deltaking. Diagram 1 visar deltakinga per skulekrets i Vindafjord.




Diagram 1

Som diagrammet visar, er det svært mange som har nytta seg av eit sommarskuletilbod i 2021. Dette gjeld for samlege av skulekretsane. Om ein ser på deltakinga per skuletrinn, ser fordelinga slik ut:




Diagram 2

Grunna eit større elevtal, er det naturlegvis fleire frå småskuletrinnet som har nytta seg av eit sommarskuletilbod, enn frå mellom- og ungdomskuletrinnet – noko som diagrammet tydeleg visar. Om ein ser på forholdet mellom skuletrinna, visar også dei at det er småskuletrinnet som har høgast deltakingsprosent. For småskuletrinnet, er det om lag 98 % som har nytta seg av eit sommarskuletilbod, medan talet er 93 % for mellomtrinnet og 92 % for ungdomsskuletrinnet.

Denne statistikken samsvarar også med det påmeldingslistene til GPL viste: I det store heile, var det langt fleire elevar frå småskuletrinnet som meldte seg på aktivitetar. For denne gruppa var det heller ingen aktivitetar som måtte avlysast grunna låg påmelding. Det same gjeld også for mellomtrinnet, som også hadde relativt mange som meldte seg på aktivitetar. For denne gruppa var det heller ingen avlyste aktivitetar grunna låg påmelding, medan det for ungdomsskuletrinnet var middels til liten interesse for tilboda i GPL. For sistnemnde gruppe var det også fleire aktivitetar og kurs som måtte avlysast grunna liten interessene og låge påmeldingstal.



5. Økonomi

Vindafjord kommune fekk tidelt eit tilskot på totalt kr 1 031 000. Av desse gjekk kr 165 000 til lønnsutgifter, kr 57 960 til arbeidsgivaravgift og kr 340 200 til FAU. Restbeløpet på kr 467 240 gjekk til GPL sitt sommarskule-budsjett. Diagrammet nedanfor visar ei prosentvis inndeling av midlane.




Diagram 4 visar korleis midlane er nytta.




Diagram 5 visar fordelinga mellom dei ulike aktørgruppene i GPL.

Av totalt 9 bygder, vart det lagt eit aktivitetstilbod til 6 av desse. Diagrammet nedanfor visar ei prosentvis inndeling av fordeling av aktivitetane i GPL. Statistikken baserer seg på talet av ulike aktivitetstypar, og ikkje talet på aktivitetar totalt, då nokon aktivitetstypar blei avvikla fleire gonger. Til dømes vart det 2 rundar med styrketrening for både mellomtrinnet og ungdomsskuletrinnet, noko som utgjer 4 aktivitetar. Likevel reknast dette som 1 aktivitet i denne statistikken – treningslære.




Diagram 6 visar ei prosentvis fordeling av aktivitetane i GPL.



6. Oppsummering

6.1 Nøkkelpunkt

6.1.1 Etablering av arbeidsgruppa

Eit viktig nøkkelpunkt for utforminga av prosjektet, var etablering av arbeidsgruppa. Dette la ikkje berre ramma for korleis ein skulle fordela midlane, men også for å kunna få til eit samarbeid på tvers av ulike einingar i kommunen når det vart behov for dette: På kort tid klarte ein, på tvers av einingar som oppvekst, kultur og læring og service- og fellestenesta, å samarbeide i både utforminga og gjennomføringa av eit sommarskuletilbod. Dette sjølv om delar av koordineringsarbeidet til GPL føregjekk i ferieavvikla. Tilgangen på ei tverrfagleg arbeidsgruppe gjorde også at prosjektleiar kunne samarbeida om delar av arbeidet, som til dømes ansvar for søknadsskjemaet og publisering av informasjon.

6.1.2 Øyremerking av midlar til FAU

Ein annan viktig suksessfaktor for GPL, var å tildele delar av tilskotet til FAU. Bakgrunnen for dette valet var som nemnd å sikra at flest mogleg fekk ta del i midlane innan sikre kohortar. Mest sannsynleg, er dette også årsaka til den høge oppslutninga av elevar som har nytta seg av eit sommarskuletilbod. Denne avgjersla gjorde også at ein ikkje trengte å innføre avgrensingar når det gjaldt talet på aktivitetar per elev i GPL – noko som fort kunne ha ført til misnøye hos elevane.

6.1.3 Tilsetjing av Prosjektleiar

Tilsetjing av eigen prosjektleiar var ein stor fordel for å kunna driva prosjektet vidare frå sjølve oppstartinga til utforminga- og ferdigstillinga av GPL. Utan eigen prosjektleiar ville dette arbeidet ha falt på kommunalsjef for oppvekst, skulefagleg ansvarleg, samt andre einingsleiarar. Dette ville då gått utover andre arbeidsoppgåver som er lagt til desse einingane. I tillegg måtte delar av dette arbeidet ha skjedd i ferieavviklinga.

6.1.4 Internt samarbeid

Både bibliotek, kulturskulen og museet vart nytta som samarbeidspartnerar i GPL. Slik kunne ein lettare få til eit variert aktivitetstilbod – med eit bredt spekter av tema frå ulike fagområde – noko



som var viktig med tanke på inkludera mangfaldet av elevar i grunnskulen. Innslag av lese- og skrivekurs, museum og historieformidling, song og dans var også eit naturleg motstykke til reine fysiske aktivitetar som friluftsliv, fotball, sandvolleyball og treningslære. Nykommaren E-sport høyrer også til gruppa av ikkje fysiske aktivitetar.

6.1.5 Eiga nettside

Eiga underside på Vindafjord si heimeside bidrog til at informasjonen om aktivitetstilbodet i GPL nådde ut til elevar og føresette. Ved å nytta seg av nettsida, kunne dei enkelt finna informasjon om kva slags aktivitetar som var tilgjengeleg for småskule, mellom- eller ungdomsskuletrinnet, kvar i kommunen desse aktivitetane fann stad og når dei etter plana skulle avviklast. I tillegg, var det ei eiga lenke til påmeldingsskjemaet på nettsida. Dette gjorde det lettare melda seg på ein ynskja aktivitet mens ein såg på aktivitetstilbodet. Nettsida blei også brukt til å informere om klassekassen.

<https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/goy-pa-landet/>



7. Vedlegg

Vedlegg 1 . Tilskotsbrev

Side 1 av 2



Vindafjord kommune
988893226

Vår referanse: 2021/3867
Vår dato: 29. mars 2021

Tilskotsbrev 2021 - tilskot til sommarskoletilbud

I statsbudsjettet for 2021 er det gjeve ei løyve på 500 millionar kroner til tilskot til nye og utvida sommarskoletilbud grunna koronapandemien.

Om tilskotet

Midlane skal bidra til oppretting av nye sommarskoletilbud i kommunen eller til utviding av eksisterande tilbod, og skal ikkje finansiere eksisterande lokale tilbod. Målet er å gje fleire unge ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skolens sommarferie i 2021, og at elevar kan få høve til fagleg påfyll. Tilskotet skal nyttast i perioden skolen har sommarferie. Om kommunen ser at det ikkje er mogleg å bruke heile tilskotet i løpet av sommaren kan kommunen velje å nytte delar av tilskotet i skolens påskeferie. Tilbod som gis i skolens påskeferie skal ha same formål som sommarskoletilbodet, og kommunen kan inngå samarbeid på lik linje som for sommarskole.

Tilbod om sommarskole må tilpassast lokale forhold og kan være ulik frå kommune til kommune. Tiltaket gir kommunen høve til å legge til rette for sommaraktivitetar som kan bidra til eksempelvis fagleg utbytte og til å motivere f.eks. elevar som er i overgangen mellom barneskole og ungdomsskole eller i overgangen mellom ungdomsskole og vidaregåande opplæring. Tilskotet kan og bidra til å styrke tilbodet til elevar innanfor dei områda som er omfatta av regjeringa sin områdesatsing.

Kommunen kan inngå samarbeid med idrettslag, kulturskolar, foreiningar, leirskolar osv. tilpassa sine lokale forhold. Det er òg høve til interkommunale samarbeid om sommarskoletilbud. Den enkelte kommune i samarbeidet må likevel søkje om tilskot på sjølvstendig grunnlag.

Tilskotet kan også nyttast til sommarskoletilbud som kommunen tilbyr i samarbeid med eller kjøper av eksterne aktørar. Føresetnadene for tilskotet, som at det skal være nye eller utvida sommarskoletilbud og at tilbodet skal være gratis for elevane, gjeld også ved slikt samarbeid, samt at kommunane må halde seg til regelverk om offentlege anskaffingar.

Kriterium for tildeling

- Kommunen må søkje om tilskot.
- Tilbod om sommarskole gis til elevar i grunnskolen som er busett i kommunen. Dette gjeld både elevar i kommunal grunnskole og elevar i private og frittstående skoler.
- Sommarskole skal ikkje erstatte eller påverke den ordinære grunnskoleopplæringa.
- Dei sommarskoletilboda som finansierast av tilskotet er gratis for elevane.
- Tilskotet skal nyttast til å dekke utgifter knytt til nye sommarskoletilbud, eller til utviding av eksisterande tilbod.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til å finansiere eksisterande lokale tilbod om sommarskole.

Alle kommunar er tildelt ei ramme, og fordelinga mellom kommunane er basert på elevtalet på 1.-10. trinn registrert i GSI per 1. oktober 2020. Midlar som blir frigjort dersom det er kommunar som ikkje søljer om tilskot, blir fordelt til andre kommunar. Kommunar som inngår i regjeringa områdesatsing og kommunar som har hatt høgt smittetrykk skoleåret 2020-2021 blir då prioritert.

Postadresse: Postboks 9359 Grønland 0135 Oslo

Telefon: +47 23 30 12 00

E-post: post@udir.no
Internett: www.udir.no

Org.nr.: NO 970 018 131



Vedlegg 2. Skriv til rektorane



VINDAFJORD
KOMMUNE

Til Rektor ved skulane i Vindafjord

Sommarskule

Som det er kunngjort i media har Vindafjord kommune har fått rundt ein million kr til å gjennomføra eit tilbod for barn i skulepliktig alder.

Vindafjord kommune har sett ned ei gruppe som legg ramme for bruk av midlar.

For at alle grunnskuleelevar skal få eit tilbod om noko ekstra i sommarferien er eitt forslag at det vert sett av 300 kr pr elev til tiltak i klassen i løpet av sommarferien, dette for at alle elevar skal få ta del i denne tildelinga og ikkje minst innanfor sikre kohortar. Det er også opna opp for at delar av midlane kan nyttast i haustferien.

Klassane bestemmer sjølve når ein legg aktiviteten i løpet av sommarferien (eventuelt haustferien), aktivitetane skal helst gjennomførast i løpet av tidsrommet 24. juni til 15. august (eventuelt haustferien).

Kvar klasse skriv ei kort melding om aktivitet, dag og tid til prosjektleiar, som då utbetalar beløpet.

Klasseaktivitet(ane) kjem i tillegg til andre tilbod som vert organiserte i løpet av sommaren, desse har alle elevar moglegheit til å melda seg på fortløpande i sommar. Meir informasjon om desse kjem etter kvart.

Det vert etter kvart tilsett eigen prosjektleiar, som skal organisere arbeidet rundt dei ulike aktivitetane som det vert gitt tilbod om. Det er også sendt ut brev til lag og organisasjonar i samband med dette, om dei kan tilby ulike aktivitetar i sommar. Det er viktig målsetjinga med sommarskulemidlane frå Udir med seg når ein planlegg opplegg for elevane:

Målet er å gje fleire unge ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar.

Me ber rektor om å orientera FAU leiar om dette, som igjen leverer ut skriv til klassekontaktane og får dei til å føre på skjemaet som ligg vedlagt. Det kan vera eit større arrangement eller fleire små utover sommaren.

Helsing arbeidsgruppa for sommarskulen

Ane Kesia Eide Fatland
Dan Jørgen Eide
Maren Tjelmeland Hustoft
Leiv Karsten Medhaug
Inger Kathrine Sundve
Nils Erik Eide

Ølen 19.05.21



Vedlegg 3. Skriv til klassekontaktar



VINDAFJORD
KOMMUNE

Til klassekontaktar i Vindafjordskulen

Sommarskule

Som det er kunngjort i media har Vindafjord kommune har fått rundt ein million kr til å gjennomføra eit tilbod for barn i skulepliktig alder.

Vindafjord kommune har sett ned ei gruppe som legg ramme for bruk av midlar.

For at alle grunnskuleelevar skal få eit tilbod om noko ekstra i sommarferien har me vedtatt at det vert sett av 300 kr pr elev til tiltak i klassen i løpet av ferien, dette for at alle elevar skal få ta del i denne tildelinga og ikkje minst at aktivitetar skjer innanfor sikre kohortar (Covid-19). Det er også opna opp for at delar av midlane kan nyttast i haustferien.

Klassane bestemmer sjølve når ein legg aktivitetane, som helst gjennomførast i løpet av tidsrommet 24. juni til 15. august (eventuelt haustferien).

Me ber om at de fyller ut vedlagd skjema og sender inn til:

Vindafjord kommune
v/Kultur og læring
Rådhusplassen 1
5580 Øien

Eller skannar det og sender på e-post til: sommarskule@vindafjord.kommune.no. Frist: 18. juni 2021.

Kvar klasse skriv ei kort melding om aktivitetar de planlegg på vedlagd skjema. Vindafjord kommune utbetalar så beløpet til kontonummer som er oppgitt. Kontaktperson vil få tilsendt eit rapporteringsskjema av prosjektleiar som skal sendast inn etter ferdig utført aktivitet(ar) til same adresse som ovanfor. Hugs å ta vare på kvitteringar for utlegg, desse skal leggjast ved rapporten.

Klasseaktivitet(ane) kjem i tillegg til andre tilbod som vert organiserte i løpet av sommaren, desse har alle elevar moglegheit til å melda seg på fortløpande i sommar. Meir informasjon om desse kjem etter kvart.

Det vert etter kvart tilsett eigen prosjektleiar, som skal organisere arbeidet rundt dei ulike aktivitetane som det vert gitt tilbod om. Det er også sendt ut brev til lag og organisasjonar i samband med dette, om dei kan tilby ulike aktivitetar i sommar. Det er viktig å ha målsetjinga med sommarskulemidlane frå Udir med seg når ein planlegg opplegg for elevane:

Målet er å gje fleire unge ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar

Me håpar de ser på desse midlane som ein positiv moglegheit til å kunne gjera noko kjekt saman som klassane i løpet av sommaren.

Det vil etter kvart kome meir informasjon om sommarskolen på heimesidene til kommunen.

LUKKE TIL!

Helsing arbeidsgruppa for sommarskulen

Øien 19.05.21



Vedlegg 4. Skriv til FAU



FAU-leiarar i Vindafjord

GØY PÅ LANDET

Som kjent har Vindafjord kommune fått midlar til «Gøy på landet» - sommarskule i 2021

For å sikra at alle elevane i Vindafjord får del i midlane, vert kvar klasse tildelt 300kr pr. elev slik at klassane kan gjera noko kjekt saman – enten i sommar- eller haustferien. Målet er at klassekontaktane tek initiativ til å organisera aktivitet for sin klasse. Det skal vera eit sosialt tiltak for klassen der *alle* kan bli med. Aktivitetane kan variera frå klasse til klasse etter som foreldra legg opp aktivitet(ar) som passar for den klassen det gjeld. Sjølvstøtt kan ein også ha felles aktivitet(ar) for dei ulike trinna, om det lar seg gjennomføra i samsvar med gjeldande smitteverns-reglar.

FAU ved kvar skule lagar ei liste som kort seier kva aktivitet klassane 1.-10. har gjennomført. Dette for å dokumentera at midlane er nytta. FAU meldar tilbake kva konto beløpet skal setjast inn på.

Dersom FAU ikkje har midlar til eventuelle utlegg, må ein be den eksterne aktøren om faktura. Hugs då at den må merkast godt (skule, trinn, ref. person og div.), og at den blir sendt til FAU, gjeldande skule. Alt utlegg blir samla hjå FAU. Tilbakebetaling frå kommunen blir gjort etter krav frå FAU på gjeldande utlegg/eksakte beløp. Kvar skule får overført ein sum på sin FAU konto, og FAU fordeler til kvar klasse. Har du/de spørsmål angående dette, ta kontakt med underteikna.

Merk: 300 kr/elev. Hugs også å ta høgde for eventuelle utlegg på følgje/foreldre som må vera med for t.d. sikkerheit eller anna. Døme: Kjøper ein aktivitet hjå ekstern aktør, og dette krev at vaksne må betala seg inn, vil dette bli ein kostnad ein må ta med i overslaget.

Døme:

Skule: XXXXX

Klasse	Aktivitet	Tid	Dato	Fløstal	Kostnad
1.kl					
2.kl					
3.kl					
4.kl					
5.kl	XXXXX Aktivitet	10-14	24.05	25	6900,-
6.kl					
7.kl					
8.kl					
9.kl					
10.kl					


Med helsing

Aleksander Vølstad
Prosjektleiar Gøy på landet
Mobil: 48 18 40 78



VINDAFJORD KOMMUNE

Sentralbord: 53 65 65 65
sommarskule@vindafjord.kommune.no
www.vindafjord.kommune.no





Vedlegg 5. Skriv til lag og foreiningar



VINDAFJORD
KOMMUNE

Til lag og foreiningar i Vindafjord kommune

Vindafjord kommune har i år 2021 fått kr. 1 000 000,- av Utdanningsdirektoratet til å arrangera sommerskule for elevane i grunnskulen i Vindafjord.

Gjennom ulike tema, praktisk- og fysisk aktivitet og kulturopplevingar skal sommerskulen bidra til meistring og spennande opplevingar. Det er ikkje meint at sommarskulen skal bestå av vanleg undervisning, men at elevane skal få tileigna kunnskap på og i alternative læringsarenaer. Målet med sommerskulen er å gje fleire unge ein møteplass der dei kan delta og få faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skuleferien. Tilbodet skal vera gratis for elevane. Det er viktig at tilbodet tilpassast lokale forhold, og dette betyr at me ynskjer å ha eit godt tilbod for barn og unge i alle aldrar rundt om i alle dei flotte bygdane våre.

Alle som mottek denne e-posten står på adresselista me har for lag og foreiningar i Vindafjord. Me ynskjer å ha lag og foreiningar med på laget når me skal arrangera sommerskulen, og såleis kjøpa tenester av dykk. Dette er samstundes ei fin moglegheit for lag og foreiningar til å få vist seg fram og auka rekrutteringa. Utgiftane i samband med arrangement i sommerskulen vil sjølvstakt bli dekkja av midlane kommunen har fått tildelt.

Dersom de er interessert i å vera med på å arrangera sommarskuleaktivitet/ kurs, ta kontakt snarast og innan 10.05.21 med ALLEMED koordinator med svar på følgjande spørsmål:

- Kva slags type aktivitet/ kurs kan de bidra med?
- Kor mange dagar kan de bidra i perioden veke 26- veke 32?
- Kor mange ungar og kva slags aldersgruppe? I kva slags bygd kan de arrangera?
- Kva vil dette arrangementet kosta?

Me vonar at så mange som mogleg av dykk har lyst og anledning til å vera med å bidra.

Har du/de spørsmål eller anna , ta kontakt med ALLEMED koordinator
Barbro Ringstad tlf 481 84 078 eller e-post barbro.ringstad@vindafjord.kommune.no.

Med helsing
Barbro Ringstad ALLEMED koordinator,
Kultur og læring, Vindafjord kommune



Vedlegg 6. Skriv til kommersielle aktører



VINDAFJORD
KOMMUNE

Til aktivitetsarrangører på Haugalandet

Vindafjord kommune har i år 2021 fått kr. 1 000 000,- av Utdanningsdirektoratet til å arrangere sommarskule for elevane i grunnskulen i Vindafjord.

Gjennom ulike tema, praktisk- og fysisk aktivitet og kulturopplevingar skal sommarskulen bidra til meistring og spennande opplevingar. Det er ikkje meint at sommarskulen skal bestå av vanleg undervisning, men at elevane skal få tileigna kunnskap på og i alternative læringsarenaer. Målet med sommarskulen er å gje fleire unge ein møteplass der dei kan delta og få faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skuleferien. Tilbodet skal vera gratis for elevane. Me ønskjer å ha eit godt og variert tilbod for barn og unge i alle aldrar.

Alle som mottok denne e-posten er kommersielle aktivitetsarrangører me ønskjer å ha med på laget når me skal arrangere sommarskulen, og såleis kjøpa tenester av dykk. Dette er samstundes ei fin moglegheit for dykk til å få vist de fram. Utgiftane i samband med arrangementet i sommarskulen vil sjølvstøtt bli dekkja av midlane kommunen har fått tildelt.

Dersom de er interessert i å vera med på å arrangere sommarskuleaktivitet/ kurs, ta kontakt snarast og innan 21.05.21 med ALLEMED koordinator med svar på følgjande spørsmål:

- Kva slags type aktivitet/ kurs kan de bidra med?
- Kor mange dagar kan de bidra i perioden veke 26- veke 32?
- Kor mange ungar og kva slags aldersgruppe? I kva slags bygd kan de arrangere?
- Kva vil dette arrangementet kosta?

Me vil etter innhenting av ulike tilbod ta stilling til kva slags tilbod som blir akseptert og som me går vidare i dialog med. Me vonar at så mange som mogleg av dykk har lyst og anledning til å vera med å bidra.

Har du/de spørsmål eller anna , ta kontakt med ALLEMED koordinator
Barbro Ringstad tlf 481 84 078 eller sommarskule@vindafjord.kommune.no

Med helsing

Barbro Ringstad ALLEMED koordinator,
Kultur og læring, Vindafjord kommune